



# Søknad om omsorgstenester/ bustad

Etter lov om sosiale tenester kap. 4. og lov om kommunehelsetjenesta

Namn: \_\_\_\_\_ Personnummer: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnr: \_\_\_\_\_ Poststad: \_\_\_\_\_ Tlf: : \_\_\_\_\_

Nærmaste pårørande: \_\_\_\_\_

Sivilstand: \_\_\_\_\_ Namn på fastlege: \_\_\_\_\_  
(ugift/gift/sambuar/enke/enkemann)

## Kva treng du hjelp til? (SKRIV MED STORE BOKSTAVAR)

.....  
.....  
.....

## Kvifor treng du hjelp no? (SKRIV MED STORE BOKSTAVAR)

.....  
.....  
.....  
.....

Flora kommune brukar elektronisk journalføringssystem. Formålet med dette systemet er å gi ei betre samordna teneste til brukarane, og samstundes overhalde dokumentasjonsplikta i lov og forskrifter. Skulle det vere trong for å unnta særskilde opplysningar, må skriftleg reservasjon føreligge.

Dersom søknaden omfattar heimetenester vil det verte gjort ei arbeidsplasskartlegging i heimen i høve til arbeidsmiljølova kap 4. (Sjå nærmare informasjon på siste side).

### Underskrift:

Florø, dato: ..... Søkjar si underskrift: .....

*Ein gjer merksam på at det er den som treng hjelp som skal skrive under. Dersom andre underteiknar, skal skriftleg fullmakt leggjast ved (bruk s 2 i dette skrivet).*

Søknaden leverast på Flora omsorgscenter eller sendast til:	Ved spørsmål, kan du ringe til ei av omsorgstenestene våre. Vel den tenesta du "høyrer til". Om du ikkje veit dette, kan du spørje fellesadministrasjonen:
<b>Flora kommune</b> <b>Omsorgstenesta</b> <b>Markegata 51</b> <b>6905 Florø</b>	57756900 Heimetenester og heildøgns omsorgstilbod i Florø 57756940 Heimestenesta i Eikefjord (heimetenester, omsorgsbust.) 57756230 Bu og miljøteneste (psykisk og fysisk funksjonshemming) 95710060 Helsetenester (fysio-/ ergoterapi) 57756500 Fellesadministrasjon Omsorg (leiar og felles stab)

# Samtykkeerklæring

I samband med at eg har søkt om teneste samtykkjer eg i at omsorgsavdelinga hentar inn og gjev informasjon som **er nødvendig** for å handsama saka på ein forsvarleg måte. Dette kan også skje elektronisk via sikre kommunikasjonskanalar. Helsepersonell eller andre kommunalt tilsette som kan få og gje relevante opplysningar vert fritekne for teieplikta ovanfor dei som handsamar saka mi.

Kopi av vedtak kan sendast til min fastlege:  Ja  Nei

**Samtykke gjeld søknad om .....**

Eg har saman med sakshandsamar gått gjennom lista over aktuelle samarbeidspartnarar.

- |   |   |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> Legeteneste                    | <input type="checkbox"/> Pedagogisk Psykologisk teneste   |
| <input type="checkbox"/> Fysioterapeutteneste           | <input type="checkbox"/> Spesialisthelseteneste           |
| <input type="checkbox"/> Ergoterapeutteneste            | <input type="checkbox"/> Tannhelseteneste                 |
| <input type="checkbox"/> Psykiatrisk sjukepleiarteneste | <input type="checkbox"/> Sosialteneste                    |
| <input type="checkbox"/> Helsestasjonsteneste           | <input type="checkbox"/> Barnevernsteneste                |
| <input type="checkbox"/> Heimebasert teneste            | <input type="checkbox"/> Trygdekontor/hjelpemiddelsentral |
| <input type="checkbox"/> Institusjonsbasert teneste     | <input type="checkbox"/> Politi                           |
| <input type="checkbox"/> Skole-/barnehageteneste        |   |

Ein føresetnad for å få teneste med eigenandel (ulike typar praktisk bistand etc.) er at man med dette samtykker til **innhenting av informasjon om likningsopplysningar**.

Samtykket gjeld i samband med saka nemnd ovanfor, og for andre tenester du kan verte omfatta av som mottakar av omsorgstenester. Det er ein føresetnad at opplysningane vert **notert i journalen min** og **at eg skal få vita om dei opplysningane som vert samla inn**. Dei sakshandsamarane som får kjennskap til opplysningane, har teieplikt på vanleg måte. Samtykke kan når som helst trekkast tilbake.

**Reservasjonar:** Ved trong for å unnta særskilde opplysningar frå journalsystem, må skrifteleg reservasjon føreligge. Ved andre reservasjonar: før opp kva det gjeld.

Eventuelle reservasjonar:.....  
(Merknad: Tilbaketrekking av samtykke kan bety at saka ikkje blir opplyst tilstrekkeleg, det kan ha innverknad på avgjerda i saka.)

## Ved representasjon av fullmektig (påørande, verje eller andre)

- Eg samtykker til å late meg representere i denne saka av:  
Ved representasjon av fullmektig :  påørande  verje  andre

**Namn/ fødselsdato på fullmektig/ påørande:**.....

Eg er gjort kjent med at det vil bli gjort ei arbeidsplasskartlegging i heimen min dersom søknaden omfattar heimetenester (sjå nærmare informasjon på neste side).

Eg er gjort kjent med at Flora kommune brukar eit journalføringssystem som gjer det mogleg for helsepersonell i omsorgstenesta å utveksle informasjon også elektronisk med anna relevant helsepersonell. Eg forstår at formålet med dette systemet er å gi ei betre samordna teneste til brukarane. Skulle eg likevel ikkje ynskje å gje samtykke til slik informasjonsutveksling, må eg reservere meg skriftleg mot dette.

Florø dato:.....  
namn (verje, påørande, eller andre fullmektige)

Ansvarleg sakshandsamar:.....  
Sakshandsamar namn

# Informasjon til tenestemottakar gitt før underskrift av samtykkeerklæring.

## Ved samarbeid med andre etatar

Kommunen innhentar samtykke frå den enkelte for å samle naudsynt informasjon frå andre delar av sosial- og helsetenesta som grunnlag for å fatte riktige vedtak. Du samtykker til at ein kan ta kontakt slik at du kan få tilbod om andre aktuelle tenester du kan få tilbod om utan å søkje (som td. tannhelseteneste, fysio/ ergo/ hjelpemiddel). Jamfør krav til teieplikt i høve lovverk. Opplysningane kan bli gitt/ innhenta elektronisk via sikre kommunikasjonskanalar.

## Ved representasjon

Den som er part i ei sak har i utgangspunktet rett til å la seg representere av fullmektig. Fullmektig kan vere pårørende, verje, advokat eller andre. Om den som representerer parten ikkje er advokat, skal det framleggast skriftleg fullmakt med underskrift (som 2 side av dette skrivet), jamfør forvaltningslova § 12, siste ledd, og pasientrettighetslova § 7-1, 3. ledd.

## Tilbod om fri tannbehandling

Du har rett på fri tannbehandling hjå den offentlege tannhelsetenesta når du har motteke helsehjelp i heimen frå heimetenesta, bu- og miljø teneste eller institusjonsteneste i 3 mnd. Dersom du ønskjer å nytte tilbodet, må tannklinikken få melding med ditt samtykke og opplysningar om kva medikament du brukar, då dette har ein del å seie for tannhelsa di.

## Tilrettelegging ved tildelt hjelp i heimen

For å kunne hjelpe deg må du samtykke i at det utførast ei arbeidsplasskartlegging av heimen din, samt at det der det er nødvendig vert tilrettelagt med hjelpemiddel (som td. sjukehusseng, toalettstol, personheis, støttehandtak eller liknande). Dei tilsette i heimetenesta har krav på eit forsvarleg arbeidsmiljø i høve arbeidsmiljølova kap 4. Kartlegginga og evt. tilrettelegginga gjerast for at kvar brukar i heimetenesta skal få ei god og sikker hjelp. Ei slik tilrettelegging kostar ingenting for deg som brukar.

## Opplysningar til statistiske formål

Nokre av opplysningane vi innhentar for å behandle søknaden din vert registrert i IPLOS som er eit nasjonalt helseregister. Desse opplysningane treng vi som eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere ditt behov for tenester. Formålet med å registrere IPLOS - opplysningane er å få ei god behandling av søknaden din og gje deg tenester som er best mogleg tilpassa ditt behov.

Opplysningane skal også danne grunnlag for statistikk til kommunen og statlege myndigheiter, slik at myndigheitene kan få gode kunnskapar som grunnlag for planlegging og utvikling av tenestene. Opplysningane vil, etter at dei er gjort anonyme, bli oversendt til Statistisk sentralbyrå som utarbeidar den nasjonale statistikken. Opplysningane skal også kunne brukast i forskning. Kommunen lagar også eigen statistikk frå det elektroniske registeret.

I følgje ”Forskrift om IPLOS-registeret” §1-8 treng ikkje kommunen innhente samtykke for å sende inn til staten anonymiserte IPLOS-data om personar som har søkt, mottek og har motteke sosial og helsetenester. Den registrerte skal likevel ha informasjon om at IPLOS-registeret eksisterer, slik vi her har gitt ovanfor. Du har imidlertid rett til å reservere deg mot at diagnose opplysningar blir sendt til IPLOS registeret.